

Undervising

- Studentane møter både norsk og engelsk i heile studieløpet.
- Studieprogrammet inneheld mål for dei språklege ferdigheitene til studentane.
- Både student og undervisar meistrar undervisningsspråket.
- Studentane får tospråkleg støttemateriell, som
 - tospråklege termlister til pensum på engelsk
 - støttemateriell på norsk til førelingar på engelsk

➔ **Studentane meistrar både norsk og engelsk fagspråk når dei er ferdig utdanna.**

Forskning

- Engelske tekstar har norsk samandrag.
- Norske tekstar har engelsk samandrag.
- Samandrag og emneord blir registrerte i Cristin.

➔ **Norsk fagspråk blir sikra og vidareutvikla.**

Formidling

- Forskarar og masterstudentar får tilbod om kurs i skriftleg formidling.
- Tilsette som ikkje meistrar skriftleg norsk godt nok, får tilbod om språkhjelp.

➔ **Forskningsresultat blir formidla på godt norsk.**

Administrative tenester

- Retningsliner for val av språk blir utarbeidde for alle skriftlege meldingar.
- Viktige tekstar og nettsider ligg føre på både norsk og engelsk.

➔ **Informasjonen blir forståeleg for alle.**

Møte og sosiale samanhengar

- Det blir utarbeidd felles køyrereglar om språkval.
- Norsk og engelsk kan nyttast i det same møtet.

➔ **Hugs at dette er gode arenaer for å praktisere språk!**

Vegvisar for gode språkval

på universiteta og høgskolane våre

medvitne språkval

kompetanseheving

kvalitet

strategi

Studentar

- får tilbod om kurs i akademisk lesing og skriving på norsk og engelsk
- får tilbod om kurs i fagspesifikk skriving på norsk og engelsk
- får fagspesifikke språkkurs integrert i undervisinga

➔ **Studentane får tospråklege ferdigheiter i faget.**

Vitskapleg tilsette

- som ikkje meistrar norsk, får tilbod om særskilde norskkurs
- som skal undervise på eit framandspråk, får tilbod om pedagogisk trening

➔ **Vitskapleg tilsette kan undervise på både norsk og engelsk.**

Administrativt tilsette

- får tilbod om kurs i både norsk og engelsk etter behov
- får tilgang til UHRs tospråklege termbase via nettsidene til institusjonane

➔ **Språkleg kvalitet og gode språkval i intern og ekstern kommunikasjon blir sikra.**

Språkpolitiske retningsliner

- Prinsipp for språkval på alle nivå blir utarbeidd og forankra i strategien til institusjonen.
- Handlingsplan som sikrar at retningslinene blir tatt i bruk, blir utarbeidd.

➔ **Studentar og tilsette gjer gode og systematiske språkval.**

Koordinering av språktenester

- Institusjonane opprettar ei språkeining med ansvar for språkkurs, omsetjing og språkvask, gjerne i samarbeid med andre.

➔ **Sektoren sikrar språktenester med høg kvalitet.**

Hugs at norsk er både bokmål og nynorsk!